

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2024	Utvalg for areal, næring og kultur	PS	15.10.2024
093/2024	Formannskapet	PS	16.10.2024
112/2024	Kommunestyret	PS	30.10.2024

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Heidi Saua	K2-L05, K3-&37	23/549

## Vedtak av Planstrategi 2024 - 2027 (2028)

### Kommunedirektørens forslag til vedtak

1. I samsvar med plan- og bygningslova § 10 -1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.9.2024, vedteken
2. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien opphevast

### Vedtak som innstilling fra Formannskapet, 16.10.2024

1. I samsvar med plan- og bygningslova § 10 -1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.9.2024, vedteken
2. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien opphevast

### Tilleggsforslag

1. 1. I samsvar med plan- og bygningslova §10-1, blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.09.2024 vedteken med følgende endringar.
2. 2. Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
3. 3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
  - a. Sentrumsplanen vert inkludert som eit kapittel i kommuneplanens arealdel.
4. a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
5. 4. Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027)
6. 5. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Vedtatt med 4 mot 3 stemmer. Asbjørn Birkeland (Sp), Kjell Arnold Pettersen (R) og Lillian Nordengen (Sp) stemte mot.

### Utvalg for areal, næring og kultur - 055/2024

### ANK - behandling

Endringsforslag , foreslått av Sigrid Bojesen Fatnes, Senterpartiet

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte rullering av kommuneplanens arealdel i 2025.

Tilleggsforslaget falt med 4 mot 3 stemmer.

Sigrid Bojesen Fatnes, SP, Vegard Birkeland Rød, SP og Gunnel Barbro L.S. Mørk, SV stemte for.

Endringsforslag, foreslått av Sigrid Bojesen Fatnes, Senterpartiet

Kommunestyret ber kommunedirektøren iverksette oppstart av sentrumsplan i 2025.

Endringsforslaget falt med 4 mot 3 stemmer.

Sigrid Bojesen Fatnes, SP, Vegard Birkeland Rød, SP og Gunnel Barbro L.S. Mørk, SV stemte for.

Tilleggsforslag , foreslått av Sigrid Bojesen Fatnes, Senterpartiet

Kommunestyret ber kommunedirektøren revidere handlingsplan for sykkelstrategien Syklende Sauda i samhandling med tiltak i klimaplanen.

Tilleggsforslaget falt med 4 mot 3 stemmer.

Sigrid Bojesen Fatnes, SP, Vegard Birkeland Rød, SP og Gunnel Barbro L.S. Mørk, SV stemte for.

Endringsforslag, foreslått av Janne Eikevik , Arbeiderpartiet

Forslag til planstrategi, datert 26.09.24, blir vedtatt med følgende endringer:

1. 1. I samsvar med plan- og bygningslova §10-1, blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.09.2024 vedteken.
2. 2. Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
3. 3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
  - a. Sentrumsplanen vert inkludert som eit kapittel i kommuneplanens arealdel.
4. a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
5. 4. Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027)
6. 5. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Endringsforslaget vedtatt med 4 mot 3 stemmer.

Sigrid Bojesen Fatnes, SP, Vegard Birkeland Rød, SP og Gunnel Barbro L.S. Mørk, SV stemte mot.

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Sigrid Bojesen Fatnes, SP

Vegard Birkeland Rød, SP

Janne Eikevik, AP

Sigrid Bojesen Fatnes, SP ber om fem minutter. Innvilges.

Andreas Rolfsen, H

Tina Grytting, H

## **ANK - vedtak:**

Forslag til planstrategi, datert 26.09.24, blir vedtatt med følgende endringer:

1. 1. I samsvar med plan- og bygningslova §10-1, blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.09.2024 vedteken.
2. 2. Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
3. 3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
  - a. Sentrumsplanen vert inkludert som eit kapittel i kommuneplanens arealdel.
4. a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
5. 4. Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027)
6. 5. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Endringsforslaget vedtatt med 4 mot 3 stemmer.

Sigrd Bojesen Fatnes, SP, Vegard Birkeland Rød, SP og Gunnel Barbro L.S. Mørk, SV stemte mot.

## **Formannskapet - 093/2024**

### **FOR - behandling**

Tilleggsforslag Sp/R (KrF/SV), foreslått av Asbjørn Birkeland, Senterpartiet

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte rullering av kommuneplanens arealdel i 2025.

Kommunestyret ber kommunedirektøren iverksette oppstart av sentrumsplan i 2025.

Kommunestyret ber kommunedirektøren revidere handlingsplan for sykkelstrategien Syklande Sauda i samhandling med tiltak i klimaplanen.

Asbjørn Birkeland (Sp) trekker forslaget.

Endringsforslag Sp/R (SV/KrF), foreslått av Asbjørn Birkeland, Senterpartiet

I samsvar med plan- og bygningslova § 10 -1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.9.2024, vedteken med følgende endringer:

Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2025.

Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.

Kommunestyret ber kommunedirektøren iverksette oppstart av sentrumsplan i 2025.

Kommunestyret ber kommunedirektøren revidere handlingsplan for sykkelstrategien Syklande Sauda i samhandling med tiltak i klimaplanen.

Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027)

Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Vedtatt falt med 3 mot 4 stemmer. Håvard Handeland (Ap), Ann Kristin Kalvik (Ap), Tina Grytting (H) og Paul Løyning (H) stemte mot.

Endringsforslag, foreslått av Paul Løyning, Høyre

1. 1. I samsvar med plan- og bygningslova §10-1, blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.09.2024 vedteken med følgende endringar.
2. 2. Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
3. 3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
  - a. Sentrumsplanen vert inkludert som eit kapittel i kommuneplanens arealdel.
4. a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
5. 4. Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027)
6. 5. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Vedtatt med 4 mot 3 stemmer. Asbjørn Birkeland (Sp), Kjell Arnold Pettersen (R) og Lillian Nordengen (Sp) stemte mot.

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Asbjørn Birkeland (Sp)

Paul Løyning (H)

Lillian Nordengen (Sp)

Kjell Arnold Pettersen (R)

Ann Kristin Kalvik (Ap)

Kommunedirektøren svarte på spørsmål

Ordfører Håvard Handeland (Ap)

Ordfører Håvard Handeland innvilger 5 minutt på forespørsel av Paul Løyning (H).

#### **FOR - vedtak:**

1. I samsvar med plan- og bygningslova § 10 -1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.9.2024, vedteken
2. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien opphevast

Tilleggsforslag

1. 1. I samsvar med plan- og bygningslova §10-1, blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.09.2024 vedteken med følgende endringar.
2. 2. Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
3. 3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
  - a. Sentrumsplanen vert inkludert som eit kapittel i kommuneplanens arealdel.
4. a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
5. 4. Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027)
6. 5. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Vedtatt med 4 mot 3 stemmer. Asbjørn Birkeland (Sp), Kjell Arnold Pettersen (R) og Lillian Nordengen (Sp) stemte mot.

## **Kommunestyret - 112/2024**

### **KOM - behandling**

Endringsforslag , foreslått av Sigrid Bojesen Fatnes, Senterpartiet

I samsvar med plan- og bygningslova § 10 -1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.9.2024, vedteken med følgende endringer:

- 1) Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
- 2) Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
  - a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
- 3) Kommunestyret ber kommunedirektøren iverksette oppstart av sentrumsplan i 2025.
- 4) Kommunestyret ber kommunedirektøren revidere handlingsplan for sykkelstrategien Syklande Sauda i samhandling med tiltak i klimaplanen.
- 5) Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden
- 6) Resterande planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Forslaget vedtatt med 10 mot 9 stemmer. Andreas Rolfsen (H), Cecilie Birkeland (H), Dagfinn Birkeland (H), Anja Huse (H), Janne Eikevik (Ap), Siv Hege Lund (Ap), Ann Kristin Kalvik (Ap), Paul Løyning (H) og Håvard Handeland (Ap) stemte mot.

Endringsforslag Ap/H, foreslått av Janne Eikevik , Arbeiderpartiet

1. I samsvar med plan- og bygningslova §10-1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.09.2024, vedteke med følgjande endringar.
  2. Kommunestyret ber om at områdeplan for Svandal blir prioritert, med mål om ferdigstilling i første halvår 2025.
- 3a. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revisjon av kommuneplanen sin arealdel i 2026. Det blir bedt om at det i revisjonsarbeidet vert lagt særleg vekt på sentrumsutvikling og tilrettelegging av areal for vidare næringsutvikling.
- 3b. Til å følgje og bistå arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, blir det oppretta ei tverrpolitisk arbeidsgruppe.
1. Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027).
  2. Planar lista i tabellen «kan opphevast» i planstrategien blir oppheva.

Forslaget falt med 9 mot 10 stemmer. Andreas Rolfsen (H), Cecilie Birkeland (H), Dagfinn Birkeland (H), Anja Huse (H), Janne Eikevik (Ap), Siv Hege Lund (Ap), Ann Kristin Kalvik (Ap), Paul Løyning (H) og Håvard Handeland (Ap) stemte for.

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Dagfinn Birkeland (H)

Alan G. Thompson (SV)

Janne Eikevik (Ap)  
Lillian Nordengen (Sp)  
Sigrid Bojesen Fatnes (Sp)  
Steinar Jørgensen (Ap)  
Vegard Birkeland Rød (Sp)  
Ann Kristin Kalvik (Ap)  
Andreas Rolfsen (H)

Formannskapetets innstilling voteres over. Forslaget falt, enstemmig vedtatt.

### **KOM - vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 10 -1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.9.2024, vedteken med følgende endringer:

- 1) Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
- 2) Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
  - a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
- 3) Kommunestyret ber kommunedirektøren iverksette oppstart av sentrumsplan i 2025.
- 4) Kommunestyret ber kommunedirektøren revidere handlingsplan for sykkelstrategien Syklende Sauda i samhandling med tiltak i klimaplanen.
- 5) Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden
- 6) Resterande planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Forslaget vedtatt med 10 mot 9 stemmer. Andreas Rolfsen (H), Cecilie Birkeland (H), Dagfinn Birkeland (H), Anja Huse (H), Janne Eikevik (Ap), Siv Hege Lund (Ap), Ann Kristin Kalvik (Ap), Paul Løyning (H) og Håvard Handeland (Ap) stemte mot.

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1 Forslag til Planstrategi 2024 - 2027 (2028)

Mattilsynet Innspel til offentlig ettersyn av forslag til planstrategi 2024 - 2027 ( 2028) for Sauda kommune

Statsforvaltaren Fråsegn - høyring forslag - kommuneplan - Sauda - kommunal planstrategi 2024 - 2027 (2028)

NVE sin uttale - Offentleg ettersyn av forslag til planstrategi 2024 - 2027(2028) - Sauda kommune

Sauda handelsforening Høringsuttalelse - Sentrumsplan.pdf

Sauda vekst Høringsuttalelse - Planstrategi - Sauda kommune.pdf

Rogaland fylkeskommune Sauda kommune - planstrategi - 2024-2027 - høring

Statens vegvesen Uttalelse - forslag til planstrategi 2024 - 2027 (2028) for Sauda kommune

Vedlegg 2 Diskusjonsunderlag Utviklingstrekk i Sauda, januar 2024

Vedlegg 3 Samledokument evaluering og oversikt over planar

## Føremål med saka

Vedtak av planstrategi for perioden 2024 - 2027 (2028).

## Samandrag

Formannskapet vedtok i møte den 26.8.2024 (sak 072/24) å legge forslag til planstrategi med forslag til endringar på offentleg ettersyn . Høyringsfristen gjekk ut 25.september 2024 og det er komt inn 7 innspel. Planstrategien er oppdatert i tråd med formannskapet sitt vedtak, og supplert på bakgrunn av innspel. Den blir no fremma for endeleg vedtak.

## Lover og reglar


Plan- og bygningslova § 10-1

Lov om folkehelsearbeid § 6

## Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

[Formannskapet](#) sitt vedtak i møte 26.8.2024 (sak 072/2024)

1. I samsvar til plan- og bygningslova § 10-1 blir forslag til planstrategi 2024 - 2028 lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027).
3. Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien opphevast.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte rullering av kommuneplanens arealdel i 2026.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren iverksette oppstart av sentrumsplan i 2027.
6. Kommunestyret ønsker prioritering av områdeplan Svandal med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.



## Folkehelse

Lov om folkehelsearbeid stadfestar at kommunen skal ha den naudsynte oversikta over befolkninga si helse og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Folkehelseoversikt 2024 vart tatt til orientering i kommunestyret i juni 2024.

### **Konsekvensar for barn, unge, eldre og funksjonsnedsette**

Vedtak i denne saken medføre ingen konsekvenser. Opplegg for medverknad og konsekvensar for barn, unge, eldre og funksjonsnedsette må gjerast greie for i arbeidet med den enkelte plan.

### **Økonomiske konsekvensar**

Planstrategien er ikkje juridisk bindande og får derfor ingen direkte økonomiske konsekvensar. Ambisjonsnivået i planstrategien bør derimot vera realistisk og i samsvar med ressursane som er til rådvelde for å utarbeide og følgje opp planarbeidet.

Midlar til planarbeid i tråd med planstrategien vil bli spelt inn til framtidige budsjett.

### **Fakta**

Planstrategien er eit politisk styringsverktøy, og eit lovpålagt hjelpemiddel for kommunestyret. Strategien er ikkje ein plan, men eit verktøy for å få fram den politiske prioriteringa av kva planoppgåver kommunen skal arbeide med i valperioden, for å møte kommunen sine behov og legge til rette for ønska utvikling.

I denne saka blir planstrategien lagt fram til endeleg vedtak i kommunestyret.

### **Medverknad**

Varsel om oppstart av arbeid med planstrategi vart send ut til nabokommunar, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland den 3. juli 2023. I perioden januar til februar 2024 vart det lagt fram ei sak til politiske råd, utval og kommunestyret der det var høve til å uttale seg om kva utviklingstrekk ein såg på som viktige for den kommande fire årsperioden samt planbehovet for perioden.

I august 2024 fekk ungdomsrådet, eldrerådet, funksjonsnedsettes råd og utval for areal, næring og kultur saka til handsaming i samband med formannskapet sitt vedtak om offentleg ettersyn. Utvalet og råda sine innspel er tatt inn under:

[Utval for areal, næring og kultur](#), fremma følgande innspel i møte 27.8.2024 (sak 039/2024)

1. *I samsvar til plan- og bygningslova § 10-1 blir forslag til planstrategi 2024 - 2028 lagt ut til offentleg ettersyn.*
2. *Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel før i slutten av denne perioden (2027). Oppstart av sentrumsplanen vert utsett til slutten av perioden og blir inkludert som eit kapittel i kommuneplanen*
3. *Planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien opphevast*

*Kommunestyret ønsker prioritering av områdeplan Svandal med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.*

[Ungdomsrådet](#), fremma følgande innspel i møte den 19.8.2024 (sak 033/2024):  
*Ungdomsrådet støtter kommunedirektørens forslag til vedtak, men vil videreføre sykkelsatsingen og vil revidere handlingsplanen i planstrategiperioden.*

[Eldrerådet](#) fremma følgande innspel i møte den 20.8.2024 (sak 030/2024):



*Eldrerådet støtter Alternativ 1 :*

*I tillegg ønsker eldrerådet at det blir lagt ekstra vekt på det aldersvennlig samfunn i plan arbeidet.*

*Med bakgrunn i Sauda sin alder sammensetning som innehar Rogaland sin elste befolkning.*

*Eldrerådet mener at plan arbeid med å sikre et aldersvennlig Sauda er ett av de viktigste tiltakene fremover. Mange lever nesten en tredjedel av livet som pensjonister. En viktig ressurs som må nyttes til det beste for Sauda samfunne. "Leve hele livet "*

*Eldrerådet har et sterkt ønske om involvering iforbindelse med kommunens planlegging for å gjøre fysiske, sosiale omgivelser, transport, service og tjenestetilbud mer aldersvennlig.*

*Eldrerådet ønsker være en samarbeidspartnere når planen skal legges og prioriteringer skal gjøres.*

[Funksjonsnedsettes råd](#), i møte 20.8.2024 (sak 027/2024) fremma følgende innspel:

*Funksjonsnedsettes råd stiller seg bak alternativt forslag til vedtak - alternativ 4.*

- *Oppstart av reguleringsplan for sentrum i 2025*

*Konsekvensar: Grovt estimerte kostnader 5,5-6 millioner for sentrumsplan inkludert prosjektstilling.*

*Viss ein ønsker oppstart av reguleringsplan for sentrum i 2025 vil det vera behov for ei prosjektstilling som kan følgje opp dette planarbeidet samt budsjett til konsulentbistand. Ein må også ta høgde for å bruke egne ressursar, som vil ha ein påverknad på andre tenester.*

### **Offentleg ettersyn**

Forslag til planstrategi låg ute til offentlig ettersyn i 30 dagar, med frist 25.9.2024. Det er mottatt 7 innspel. Desse er kort oppsummert under, og ligg vedlagt saka.

**Mattilsynet**, datert 24.9.2024:

- Viser til nasjonale føringar som er viktige for å sikra vern av drikkevatt. Dei ser det som positivt at hovudplan for vatn og avløp blir revidert, og i samband med dette arbeidet understreke dei viktigheita av at leveringstryggleik (inkludert nødvatn og reservevatn) og beredskap blir vurdert nøye i arbeidet. Dei peike på at dette er avgjerande sett i lys av dei risikoane som er identifiserte i Sauda sin heilskapleg ROS-analyse 2023 - 2027.
- Viiser til plantehelseforskrifta og ber kommunen ta omsyn til plantehelse i relevante delar av planbehovet, særleg i samband med massehandtering, og at det blir sikra nødvendige tiltak for å forhindra spreining av planteskadegjerarar.

**Statsforvaltaren i Rogaland**, datert 24.9.2024

- viser til nasjonale forventningar og oppmoder kommunen til planvask av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster,
- etterlyser omtale av øvrige risiko- og sårbarheitstema i planstrategien. Dei anbefale å innlemma samfunnstryggleik og totalberedskap på ein tydelegare og meir forpliktande måte i planstrategiar og i planarbeidet framover. Dei anbefale at det blir gjennomført ei kartlegging av klimasårbarheit i kommunen som del av heilskapleg ROS eller klimaplan,
- etterlyser kvalitetsindikatorar, kvalitetsvurderingar eller gjengjeving av resultat for oppvekstområdet i utfordringsdokumentet til planstrategien. Dei anbefale vidare at eventuelle planar for kvalitetsutvikling i oppvekstsektoren blir synleggjort på heimesidene til kommunen,

- anbefale at ein synleggjer plan for integrering og inkludering på nettsidene viss kommunen har ein, eventuelt at det blir vurdert å utarbeide ein,
- dei gjer merksam på at FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne skal leggest til grunn i alt arbeid i kommunen som rårer ved personar med funksjonsnedsetting,
- vurderer at det er ei tydeleg kopling mellom handlingsdelen i kommuneplanen og økonomiplanen i utkast til planstrategi
- viser til at rekrutterings- og kompetanseplanlegging skal takast godt i vare i kommunane si samfunnsplanlegging. Det er anbefalt at kommunane utarbeidar skriftlege, politisk vedtekne planer for å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse- og omsorgstenestene.
- er positive til at landbruk og reiseliv skal inngå i ein tematisk næringsplan, med tanke på å få fram verdiskapinga i landbruket.
- ser at Sauda kommune vil følgje opp deira innspel om å framstille eksisterande bustader og fritidsbustader i tråd med rettleiaren for LNF-spreidd i kommuneplanen sin arealdel. Dei ser at kommunen har trekt fram jordvern som eit viktig tema ved revisjon av arealdelen, og viser til at Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet har tydelege forventningar til at kommunane følger opp det viktige arbeidet med å redusera nedbygging av dyrka jord, har oppdaterta planar og handheve driveplikta.

#### **NVE**, datert 25.9.2024

- tek til etterretning at det ikkje blir starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden (2027), og at kommunestyret ber kommunedirektøren om å starte rullering av kommuneplanens arealdel i 2026. Dei rår til at energibruk og energieffektivisering blir sett på ved neste revisjon av KPA.
- har fagleg råd om at kommunen gjennom arbeidet med planstrategien identifisere kva for tidlegare vedtekne arealplanar som med dagens kunnskap om klimaendringar, naturfare og vassdragsmiljø ikkje ville blitt godkjend for vidare utbygging. Kommunen bør gjennom planstrategien ta stilling til om dei arealplanane skal opphevast eller endrast, da ny kunnskap om naturfare kan gje behov for å revidere planar.
- Har fagleg råd om at heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunen blir omtala i planstrategien.
- NVE oppfordrar kommunane til å vurdere korleis kommunalt planarbeid kan legge til rette for: Ny fornybar kraftproduksjon, Samlokalisering av verksemder med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme, og Effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar.

#### **Rogaland fylkeskommune v/fylkesdirektør**, datert 25.9.2024

- Viser til at gjeldande kommuneplanen sin arealdel er forholdsvis nyleg oppdatert, og anbefale at det blir vurdert ei noko avgrensa høyring av denne. I forbindelse med oppstart av planarbeidet bør det gjerast avgrensingar som avgrense kor omfattande arbeidet blir. Fylkesdirektøren forutset at oppdaterte regionale planar og nasjonale forventningar ligg til grunn for arbeidet, og særleg viktig vil det vera å sikre at arealdelen bygge på ein oppdatert arealstrategi.
- Viser til at det i forbindelse med rullering vil vera behov for å innarbeide omsyn nedfelt i den regionale kulturmiljøplanen.
- Vurderer det som positivt at det skal utarbeidast ein områdeplan for sentrum, men stiller spørsmål ved at den blir foreslått utarbeidd meir eller mindre parallelt med

arealdelen. Viser vidare til at kulturmiljøvern vil vera eit sentralt emne i planarbeidet, gitt dei store verneverdiane i Sauda sentrum.

- Er i utgangspunktet elles positiv til dei øvrige planane som skal utarbeidast.
- Etterlyser at ein i planstrategien omtalar og drøfte utfordringane avdekket i folkehelseoversikten for 2024-2027 i større grad. Dei kommentere at kommunen med fordel kan framheve dei identifiserte ressursane folkehelseoversikten peiker på, og korleis kommunen kan forsterke og bevare desse i det vidare arbeidet.
- Viser til det tidlegare påbegynte planarbeidet for Åbøbyen og utkast til formingsrettleiær. Fylkesdirektøren anbefale at ein vurderer å knytte formingsrettleiaren til den gjeldande reguleringsplanen som eit retningsgivande dokument, da det formodentlig vil styrke forvaltninga av Åbøbyen som eit område med både lokal, regional og nasjonal verneverdi.
- Viser til deira uttale til oppstart av planstrategiarbeidet der dei mellom anna anbefalte at når klimakonsekvensar skal analyserast må kulturmiljø vera ein av faktorane som vurderast, i same grad som andre interesser. Fylkesdirektøren ser det som naturleg at slike analyser gjennomførast anten som frittstående kunnskapsgrunnlag for anna planarbeid eller i samband med klimaplan eller rullering av kpa.

#### **Statens vegvesen, datert 25.9.2024**

- Viser til nasjonal transportplan, og til nasjonale og regionale retningslinjer som er sentrale og som legger føringar for arealplanlegging i kommunen.
- Viser til at det er ei nasjonal forventning om at kommunale planar oppdaterast i tråd med dagens føringar og retningslinjer, at Rogaland fylkeskommune sitt arealrekneskap er eit viktig verkty ved revidering av kommuneplanar og i planhandsaming.
- Viser til at Sauda er definert som regiondelsenter i Ryfylke, der kommunale planar skal stille krav til parkering som bygge opp under sentrumsutvikling og auka miljøvenleg transport. Utbygging i kommunen skal bygge opp under auka bruk av gange, sykkel og kollektiv.
- Viser til at dei har overordna ansvar for trafikksikring, og er positive til at kommunen vil revidere trafikksikringsplanen i perioden. TS-planen bør særleg legge vekt på barn og unge med tanke på trygg skoleveg.

#### **Sauda vekst, datert 24.9.2024**

- Finner oppstart av revidering av kommunens samfunns- og arealdel mott slutten av perioden i 2027 som uforholdsmessig sen oppstart. De viser til planlagte etableringer (Sauda aqua og Iverson eFuels AS) med tilhøyrande relokalisering av bedrifter på Birkelandsområdet, og meiner konsekvensen vil være at Sauda i praksis står uten reelt næringsareal for etablering av ny verksemd, eller utviding av eksisterande næringsliv.
- Viser til at eksisterande næringsliv har hatt behov for meir areal, men fått negative tilbakemeldingar frå kommunen grunna arealmangel
- Viser til at deira medlemsbedrifter over lengre tid har etterlyst oppstart av revidering av kommunen sin samfunns- og arealdel, og de meiner oppstart av dette arbeidet først i 2027 kan få uønska effektar for etablert næringsliv i kommunen, og nærmast utelukka nyetableringar i same tidsperiode.
- Stiller seg undrande til utsatt oppstart av revidering av sentrumsplan for Sauda kommune, som foreslås med oppstart i 2027. Dei vise her til Rogaland

fylkeskommune sitt innspel til oppstart av planstrategiarbeidet knytt til kulturminner og kulturmiljø.

- Meine revidering av sentrumsplan er eit tids- og ressurskrevjande arbeid som innebere bredt samarbeid mellom ulike interessentar for å finne omforente løysingar for framtidens sentrumsutvikling. Sauda Vekst AS er av den oppfatning at det i det minste bør blir føretatt ei revidering av dei ulike arealformåla som ligg til grunn i dagens planverk, for å unngå uhensiktsmessig og utstrekt bruk av dispensasjonssøknadar, som både er fordyrande samt trenerande prosess for tiltakshavar å bekoste.
- viser til at dei har etterlyst ein strategisk reiselivsplan for å underbygge satsingsområdet i ei årrekke. Dei har dei seinare åra argumentert for at ein strategisk reiselivsplan bør vera eit kapittel i kommunen sin næringsplan. Det blir anbefalt at revisjon av kommunen sin næringsplan blir prioritert revidert inneverande valperiode, med oppstart i 2025
- støtter kommunestyrets prioritering om ferdigstilling av områdeplan Svandal 1.halvår 2025. Sauda Vekst AS viser til at det har vært en tid- og ressurskrevjande prosess for involverte aktørar, og arbeidet bør komme til sin konklusjon snarast. Dei vise til at det vil har mykje å seie for kva signal ein sende til potensielle framtidige investorar i andre samanhengar, og at ein er ein næringsvenleg kommune kor ein ikkje møte uforholdsmessig lang tid på å utvikle og få godkjend ønska planprosessar når det kjem til framtidige investeringar, all den tid offentlege krav og lovverk er etterkomme.
- Sitt inntrykk er at plan- og strategiarbeid ikkje blir prioritert øvst av politisk leiing i inneverande valperiode, noko som potensielt kan bli til framtidige flaskehalsar i komande valperiodar.

#### **Sauda handelsforening, datert 24.9.2024**

- viser til at dei siste åra har dei fornya vinterlyssettinga i sentrumsgatene samt påtatt seg prosjekteigarskap for utviklinga av ny samlingsplass på den gamle bakeritomta. Dei gjer vidare greie for arbeidet som er utført i det prosjektet, og utfordringar knytt til avvik frå sentrumsplan og innspel frå Rogaland fylkeskommune knytt til kulturmiljø.
- Frykte at dei fleste utviklingsprosjekt i sentrumskjernen framover vil møte tilsvarande utfordringar som dei har støtt på, med fordyrande økonomiske konsekvensar og prosessar, fram til opprevidert planverk for sentrum ligg føre.
- Meiner at oppstart av arbeid med sentrumsplan i 2027 er i beste fall uheldig, da det er både tid- og ressurskrevjande arbeid å få konkludert med ein ny omforent sentrumsplan.

#### **Vurdering og konklusjon**

Kommunedirektøren har ikkje svart ut det enkelte innspel, men kommentert samla på tema og plan. Alle endringar i planstrategi-dokumentet er markert i raudt, etter vedtak vil denne markeringa bli fjerna. Øvrige innspel som ikkje blir kommentert på i saksframstillinga vurderast som ivaretatt i planstrategien eller er tema som vil bli fulgt opp i samband med det aktuelle planarbeidet.

I innspel blei det etterlyst at fleire tema innanfor samfunnstryggleik og totalberedskap vart handsama i planstrategien og utfordringsbilete til kommunen, slik at det ville bli tydelegare og meir forpliktande å følge dette opp i planarbeidet framover. Etter fagleg råd frå NVE og innspel frå Statsforvaltaren er planstrategien supplert med Heilskapleg risiko- og sårbarheits (ROS)-analyse for Sauda kommune 2023 – 2027. Den er omtalt i kapitlet "Oppsummering

av utviklingstrekk og kopling til plan” og i tabelloversikten for «Forslag til planbehov 2024 – 2027». Det er vist til at denne skal evaluerast årleg og at den går ut i 2027. Det blir tilrådd at klimasårbarheit og sikring av robust infrastruktur vurderast saman med oppdatert bilete av samfunnstryggleik og totalberedskap ved neste revisjon av heilskapleg ROS. Klimakonsekvensar for kulturmiljø er omtala i forslag til klimaplan som er planlagt lagt ut på høyring i desse dagar.

Innspelet til NVE om å sjå på tema energibruk og energieffektivisering ved rullering av kommuneplanens arealdel er tatt inn i opplistinga i avsnittet «kommuneplanen sin arealdel». NVE oppfordre òg kommunane til å vurdere korleis kommunalt planarbeid kan legge til rette for: Ny fornybar kraftproduksjon, Samlokalisering av verksemder med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme og Effektiv energibruk i bygningar og andre sektorar. Dette er tema som må vurderast i mellom anna revisjon av kommuneplan, næringsplan og i kommunen sine forvaltningsplanar for bygg og anlegg.

Fleire av dei offentlege myndigheitene viser til nasjonale forventningar og behov for planvask i kommunen. NVE hadde fagleg råd om at ein i arbeidet med planstrategien identifiserte og tok stilling til kva for tidlegare vedtekne arealplanar som skal opphevast eller endrast. Det vart starta på ei gjennomgang av eldre arealplanar i arbeidet med planstrategien, men grunna manglande kapasitet vart det ikkje ferdig til vedtak av planstrategien. Kommunedirektøren vil følgje dette opp vidare ved revisjon av kommuneplanens arealdel.

Statsforvaltaren etterspør meir informasjon om oppvekstsektoren i planstrategien, knytt til utfordringsbilete og planbehov. Mykje av informasjonen som blir etterspurt av Statsforvaltaren knytt til utfordringsbilete finn ein i det arbeidet som er utført i prosjektet «Framtidas oppvekst». Statsforvaltaren har òg etterspurt informasjon om integrering- og inkluderingsarbeidet i kommunen. Innanfor dette området har Sauda arbeidd målretta med å få flyktingar i arbeid, noko som har medført gode resultat. Kommunedirektøren har vurdert at det ikkje er behov for ny plan eller strategi innan oppvekst eller inkluderings- og integreringsarbeidet i denne perioden. Det er mellom anna grunna pågåande prosjekt om skulestruktur, og at oppvekst både har læreplanar og fleire mål i nasjonalt lovverk som ein ska følgje opp. Det same gjeld integrerings- og inkluderingsområdet i kommunen. Tema er omhandla i folkehelseoversikten, og integrering av barn og unge er del av forslag til *“Forebyggjande plan mot omsorgssvikt og åtferdsvanskar”* som er planlagt lagt fram for vedtak i 2024.

Det er ikkje anbefalt å utarbeida ny plan for helse og omsorg i perioden grunna det er planlagt eit prosjekt “Framtidas omsorg”, jf. vedtak i rammesak juni 2024. Rekrutterings- og kompetanseplanlegging innanfor helse- og omsorgstenestene er viktig, og noko som ligg til grunn for det prosjektet. Det er per no ikkje kjend kva utfallet av prosjektet vil bli, men det vil vera aktuelt å vurdere planbehovet innanfor denne sektoren i neste planstrategi da kommunedelplan for helse og sosial går ut i 2027. Det er ikkje foreslått endringar i forslag til planstrategi.

Rogaland fylkeskommune er positive til eit områdeplanarbeid for sentrum og vise til at det er store verneverdiar i Sauda sentrum. Dei stille derimot spørsmål ved at den blir foreslått utarbeidd meir eller mindre parallelt med arealdelen. Sauda vekst har uttalt at dei ser behov for ein sentrumsplan, og anbefale at det arbeidet blir starta opp før 2027. Kommunedirektøren legg til grunn kommunestyret sitt vedtak med tanke på oppstart av planarbeid, men gjer samtidig merksam på at Rogaland fylkeskommune 2023 innvilga støtte

på 250 000,- til Sauda kommune for gjennomføring av DIVE-analyse (50 % av kostnaden). Løyvinga er gyldig i året den vart gitt og dei to påfølgande budsjettåra.

DIVE er ein kulturhistorisk stadsanalyse som er særskilt egna til å synleggjere kvalitetar, moglegheiter og handlingsrom til kulturmiljø i by- og stadsutvikling. For å kunne nytta midlane har kommunedirektøren tilrådd oppstart av dette arbeidet mot slutten av 2024.

Rogaland fylkeskommune vise til eit planarbeid for Åbøbyen som vart påbegynt for ei årrekke sidan. I samband med det arbeidet var det utarbeidd forslag til ein formingsrettleiar. Målet med denne var å forenkle forvaltninga av Åbøbyen som eit område med lokal, regional og nasjonale verneverdi. Kommunedirektøren vil sjå nærare på omfang av kva som gjenstår med formingsrettleiaren og kva som må til for å implementera den i gjeldande reguleringsplan, og legge dette fram ei eiga sak på dette i 2025.

### *Konklusjon*

Kommunedirektøren anbefale at forslag til planstrategi, datert 26.09.2024 blir vedtatt. Raude markeringar i planstrategidokumentet vil bli fjerna etter vedtak.

### Forslag til alternative vedtak

Forslag til planstrategi, datert 26.09.2024, blir vedtatt med følgande endringar:

- 

Sauda, den 05.09.2024

Vegard Thise, kommunedirektør